

## Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.10.2016

**Roald Kvamme (A)** sette fram slikt forslag:

«Alternativt punkt 7:

Hordaland fylkeskommune vil tilrå at dei særskilde reglane for Hardangerfjorden vert oppretthaldne til ein ser om det nye regelverket verkar etter målsetjinga.»

**Aud Karin Oen (SV)** sette på vegner av SV og MDG fram slikt forslag:

«Tillegg punkt 1:

For å nå mål om berekraft og for å ivareta miljøet ber Hordaland fylkeskommune om at det vert teke naudsynte grep og stilt klare krav til oppdrettsnæringa om bruk av lukka anlegg eller andre teknologiske løysingar som eliminerer utfordringane knytt til lakselus. Det må stillast krav om at all form for vidare vekst må ta i bruk slik teknologi og det må på plass ein framdriftsplan med tidsfristar for å fase all eksisterande produksjon over i slike anlegg.»

### Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 1 vart samrøystes vedteke.

Oen sitt forslag (tillegg punkt 1) fekk 2 røyster (SV, MDG) og fall.

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 2, 3, 4 og 5 vart samrøystes vedteke.

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 6 vart vedteke mot 2 røyster (SV, MDG).

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 7 fekk 7 røyster (H, Frp, Sp og KrF) og fall.

Kvamme sitt forslag (alternativt punkt 7) fekk 8 røyster (A, SV, MDG, V,) og vart vedteke.

Fylkesrådmannen sitt forslag fekk 13 røyster (A, Sp, KrF, V, Frp og H) og vart vedteke.

### Vedtak

1. Hordaland fylkeskommune støttar innføring av system som styrar mengde lakse- og aureproduksjon i høve til miljøet si berekraft.
2. Hordaland fylkeskommune føreset at modellen som dannar grunnlag for kapasitetsjusteringane er ferdig utvikla og verifisert før systemet vert innført. Vidare at nye system ikkje unødig aukar kompleksiteten i sakshandsaminga.
3. Hordaland fylkeskommune føreset at systemet ikkje kollektivt skal straffe einskildaktørar som produserer berekraftig i tråd med gjeldande regelverk.
4. Hordaland fylkeskommune ser det som naturleg at fylkeskommunane fører register og skriver ut løyve til plassering i produksjonsområda på same vis som det vert gjort i samband med lokalitetsklarering etter dagens system.
5. I Hordaland vert fire anlegg ved Sollsvikundet foreslått fjerna. Om dette vert gjennomført må eventuelle tap kompenseras.
6. Hordaland fylkeskommune ynskjer å bidra i drøfting om grensesetting for produksjonssonene. Vi kan ikkje tilrå produksjonsområde 2 og 3 slik dei er skildra i høyringsnotatet.
7. Hordaland fylkeskommune vil tilrå at dei særskilde reglane for Hardangerfjorden vert oppretthaldne til ein ser om det nye regelverket verkar etter målsetjinga.
8. Hordaland fylkeskommune stør forslaget om oppheving av taket på tal lokalitetar som kan knytast til eit løyve.